



ANNONSE

SPELAR- OG TRENARUTVIKLAR

Hareid IL Fotball ønskjer å auke satsinga vår på unge spelarar som ønskjer å bli toppspelarar, i tillegg til å auke kompetansen blant trenarane våre. Derfor søker vi ein trenar- og spelarutviklar i 30 prosent stilling (ca. 12 timar per veke). Stillingsgraden kan auke seinare. Heile jobben kan gjennomførast på ettermiddag- og kveldstid.

Lønn og varigheit på kontrakt etter avtale.

Arbeidsoppgåver:

- Oppfølging av enkeltspelarar gjennom samtalar. Hjelp dei å setje seg mål og å lage planar for korleis ein når desse. Følgje opp og gi tilbakemeldingar etter kampar og treningar.
- Styre hospiteringa i klubben etter retningslinjene i Hareid IL Fotball sin sportsplan.
- Gjennomføre ekstratreningar for dei mest satsande spelarane i klubben, 1-2 per veke. Treningar på individuelt nivå kan også i nokon grad vere aktuelt.
- Følgje opp trenarane i klubben, både gjennom individuelle samtalar og gjennom trenarforum.
- Delta på andre relevante møte i klubben etter avtale.

Kvalifikasjonar:

- UEFA B-lisens eller anna relevant utdanning, til dømes bachelorgrad eller mastergrad i idrett med fotball som fordjuping. Kandidatar som er undervegs i eit utdannings- eller kursløp kan også vurderast.
- Pedagogisk erfaring.
- Gode samarbeidsevner.
- Gode leiareigenskapar.
- Gode munnlege og skriftlege til å kommunisere.
- Representere Hareid IL på ein sunn og positiv måte.

For eventuelle spørsmål kontakt Ola Kalvø Vattøy (47362493)

Søknad sendast til daglegleiar@hareidil.no

Aktuelle kandidatar blir kalla inn til både samtale og prøvetrening.

Frist: 01.02.2022